



Stillingsinstruks sportskoordinator/trenaransvarleg (ST) i HIL Fotball

Trenarane er ein av dei viktigaste ressursane klubben har, og det er avgjerande at disse blir teke godt vare på. Hareid IL fotball ønsker at klubbens trenarar skal holde eit høgt fagleg og pedagogisk nivå! Gjennom dette skal klubbens spelarar oppnå ein optimal utvikling uavhengig av kva nivå spelarane er på i alder og ferdigheiter. Treneransvarlige sitt viktigaste verktøy er sportsplanen Hareid IL fotball sin trenaransvarlege her eit overordna ansvar for å rekruttere, rettleie og utvikle trenarar i klubben.

Sportskoordinator/trenaransvarleg har følgjande arbeidsområder:

- Starte opp, utvikle og drive rolla som sportskoordinator
- Leie og administrere Hareid IL sitt sportslege utval
- Rekruttering, utdanning og oppfølging av klubbens trenarar
- Planlegge og gjennomføre minimum 2 trenarforum i løpet av ein sesong
- Vere trenaransvarleg i kvalitetsklubb i høve SFK. Leie oppfølging av prosess starta i 2016.
- Utarbeide sportslege målsetjingar og planar for klubben
- Fortløpande revisjon av klubbens sportsplan og gjennomføre konkrete tiltak for realisering av denne.
- Sjå til at retningslinjer for differensiering og hospitering blir følgt i høve til sportsplan
- Revidering av sportsplan og skuleringsplan med godkjenning av styret før distribusjon
- Legge til rette for godt samarbeidsklima mellom alle fotballag i klubben.
- Ansvarleg for at alle nye trenarar får tilgang til og eventuelt innføring i treningsøkta.no
- Bygge langsiktigheit i det sportslege arbeidet i klubben
- Møteplikt i fotballstyret. (rapportering til styret)
- Samle inn årsrapportar. Systematisere og vidaresende til fotballstyret
- Alle lag er forplikta til å sende inn årsrapport til sportskoordinator. Rapportane skal blant anna innehalde(ikkje uttømmende liste):

1. treningsmengde- og innhald
2. sportsleg fokus og utvikling
3. deltaking i serie –og cup spel
4. Fair play

Satellitssamling, bylag og kretslag.

Sportskoordinator skal saman med aktuelle trenarar, melde inn kvalifiserte spelarar til satellitt- og bylagssamlingar. Lagstrenarar innstiller spelarar til sportskoordinator. Sportskoordinator i samråd med trenar, og fotballstyret vurderer deretter innstilte

kandidatars haldning og sportsleg nivå. Kvalifiserte spelarar blir meldt på av sportskoordinator. Desse spelarane blir primært følgt opp av lagstrenarar, som deretter rapporterer til sportskoordinator.

Sportskoordinator/trenaransvarleg har ansvar for å kalle inn og få sportsgruppa i arbeid. Her har ein med seg ulik kompetanse, arbeid må fordelast innbyrdes i gruppa.